

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-C00, FE-223  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.02.2022

## **Kultur - driftstilskot andre lag og organisasjonar 2022**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av andre lag og organisasjonar slik det kjem fram av saka.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:**

#### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 008/22 Vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til drift av andre lag og organisasjonar slik det kjem fram av saka.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

#### **Bakgrunn**

Alver kommunestyre vedtok i møte 16.09.21 *sak 098/21 Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner*. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.

Den totale ramma for kultur vart redusert med ein million kroner i møte i kommunestyret 16.12.21 *sak 164/21 - Økonomiplan 2022-2025*. Som følgje av kuttet vart tilskotsordninga redusert frå kr 7.700.000 i 2021 til kr 6.700.000 i 2022, ein reduksjon på 1 million kroner. Barn og unge har så langt som mogeleg blitt skjerma.

Denne sak gjeld fordeling av midlar for ordninga tilskot til drift av andre lag og organisasjonar 2022. Tilskotet hadde søknadsfrist 15.11.21.

I følgje retningslina skal ordninga støtte oppunder aktivitet og drift av andre lag og organisasjonar som ikkje felle inn under dei andre kategori. I driftstilskot inngår støtte til administrasjon, leige av lokale, instruktør og utstyr.

Det er sett av kr 632.000 til fordeling i denne søknadsrunden. I 2021 vart det fordelt kr 774.000 til

ordninga.

#### Saksopplysninger:

Uttale Alver kulturråd datert 25.01.22, skriv rådet følgjande;

1. I eit lag med eit styre må det vere hovudstyret ved leiar som søker om midlar for laget. Dette er ei demokratisk innretning kor det er den juridisk ansvarlege som står som søker og held intern dialog og fordeling av midlar med undergruppene og aktivitetane i laget. Det blir uoversiktleg når laget søker i ei ordning og ein aktivitet i same lag søker ei anna ordning. Dette har vore peika på før i sakshandsaminga av driftstilskot og er noko som vil redusere kompleksiteten i handsaminga.
2. Alver kulturråd ønskjer at kulturadministrasjonen tar ein gjennomgang av kva som er definisjonen av eit medlem i eit lag. I og med at driftstilskot er medlemsbasert så er det ei viktig sak. Særleg med tanke på skulekorpsa som har mange vaksne medlemar og vaksenkorpsa som har mange unge under 19 år som medlemar.
3. Det kan vere vanskeleg å skilje mellom det er som er forventa normal aktivitet i laget (drift) og det som ligg føre som prosjektsøknad. Alver kulturråd vil oppmode administrasjonen om ein gjennomgang av prosjektsøknadane.

#### Kommentar frå rådman

1. Det er primært hovudstyret som skal søkje tilskotsmidlar. Ein ser likevel at nokre av laga har t.d. både barnekor og vaksenkor. Det er vanskeleg å føre tilskot til vaksenkor under tilskotkategorien for skulekorps og barnekor.
2. Det er vanskeleg for rådmann å instruere alderssamansettinga i eit lag.
3. Alle prosjektsøknad blir gjennomgått.

#### Vurdering:

<b>21/9635 Driftstilskot andre lag og organisasjonar</b>			
<b>Søkjjar</b> (journalnr i parantes)	<b>Søknadssum</b>	<b>Innstillings</b>	<b>Merknad</b>
<b>AKTIVITET</b>			
Senioruniversitetet (21/57131)	5000	5000	
Lindås seniordans (21/75999)	10000	10000	
Team Flatøy 4H (21/76022)	5000	5000	
Alver backgammon (21/76888)	8000	6000	

Knarvik gammaldanslag (21/76929)	8000	8000	
Alver revy (21/76941)	4300	4300	
Samhald 4H (21/76946)	15000	15000	
Austbygda fritidspark (21/76952)	98200	22500	
<b>Totalt</b>	<b>153500</b>	<b>75800</b>	
<b>KULTURLAG</b>			
Nordhordland husflidslag (21/75988)		0	2 søknad om drift
Nordhordland husflidlag (21/75989)	50000	39000	2 søknad om drift
Nordhordland turlag	120000	65000	
Alver e-sport klubb	145500	8000	
Lindås kyrkjepark (21/78358)	10000	6200	
Lindås pensjonistlag (21/73332)	30000	13250	
Musikkens Venner (21/75254)	70000	25000	
Keipane kystlag (21/76956)	9000	9000	
Lindås sogelag (21/75997)	63300	35000	
Pensjonistforbundet Knarvik (21/76014)	40000	13250	Etablert 25.10.21. Nokre medl fra Lindås ensjonistlag vil kunne melde overgang til Knarvik
Alversund mållag (21/76909)	27500	19000	
Meland mållag (21/76920)	25000	19000	
Meland jazzkafe (21/76922)	45000	20000	
Nordhordland kunstlag (21/76932)	15000	15000	
Nordhordland forsvarsforening (21/77287)	11500	10000	
<b>Totalt</b>	<b>661800</b>	<b>296700</b>	
<b>VELLAG/GRENDALAG</b>			
Ostereidet bygdelag (21/76013)	3000	3000	
Verås grendalag (21/76915)	23200	15000	
Myrtveit bygdehus (21/76943)	4500	4500	
Flatøy bygdelag (21/76953)	15000	15000	
Marås grendalag (21/76958)	10000	10000	
Kløvheim bygdelag (21/77005)	40000	30000	
<b>TOTALT</b>	<b>95700</b>	<b>77500</b>	
<b>UNGDOMSLAG</b>			
Kløvheim ungdomslag	95000	30000	

(21/76924)			
Ungdomslaget Von	20000	20000	
(21/73331)			
Manger ungdomslag	20000	20000	
(21/75028)			
Ungdomslaget Framsteg	20000	20000	
(21/76824)			
Sæbø ungdomslag	35000	24000	
(21/76916)			
Ungdomslaget Nybrot	15000	15000	
(21/76965)			
<b>TOTALT</b>	<b>205000</b>	<b>129000</b>	
<b>TRUS- OG LIVSSYN</b>			
Osterfjorden sokn	12000	7500	Fredagskafe ungdom
(21/74686)			
Romarheim indremisjon	9000	6000	
(21/75612)			
Hundvin indremisjon	30000	17500	
(21/75991)			
Meland sokn	40000	22000	
(21/76959)			
<b>TOTALT</b>	<b>91000</b>	<b>53000</b>	
<b>ANDRE</b>			
Lindås revmatikerlag			2 søkn om tilskot drift
(21/56173)			
Lindås revmatikerlag	10000	0	2 søkn om tilskot drift.
(21/75552)			Driftstilskot skal gjevast lag/organ innan kultur/idrett i Alver kommune jmf retningsline
Lindås sanitetsforening	10000	0	Driftstilskot skal gjevast lag/organ innan kultur/idrett i Alver kommune jmf retningsline
(21/74111)			
Edru livsstil	2000	0	Driftstilskot skal gjevast lag/organ innan kultur/idrett i Alver kommune jmf retningsline
Nordhordland(21/75292)			
Nasjonalforeningens helselag	25000	0	Driftstilskot skal gjevast lag/organ innan kultur/idrett i Alver kommune jmf retningsline
Meland			
(21/76918)			
HLF Nordhordland	25000	0	Driftstilskot skal gjevast lag/organ innan kultur/idrett i Alver kommune jmf retningsline
(hørselshemmede)			
(21/76950)			
	<b>72000</b>	<b>0</b>	
<b>TOTALT</b>		<b>632000</b>	

**Vedlegg i saken:**

01.02.2022

Alver Kulturråd - uttale fordeling kulturmidlar jan 2022

1683484